


ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN 2024 - 2027



Valle kommune

1.	Innleiing	2
2.	Aktuelt lovverk	2
3.	Formål, overordna mål og tiltak	2
3.1	Alkoholloven sitt formål § 1-1	2
3.2	Kommunen sine overordna alkoholpolitiske mål	3
3.3	Tiltak	3
4.	Definisjonar.....	3
5.	Tal på sals- og skjenkeløyve	4
6.	Løyvingsperiode	4
7.	Sals – og skjenketider	4
7.1	Sal	4
8.	Følgjande verksemdstyper <u>kan</u> tildelast alminneleg skjenkeløyve	4
9.	Utandørs skjenkeareal for alminnelege skjenkeløyve	5
10.	Utvida skjenkeløyve.....	5
11.	Skjenkeløyve for einskildarrangement	5
12.	Ambulerande skjenkeløyve Ambulerande skjenkeløyve må søkjast dersom ein ynskjer å servere alkoholhaldig drikk mot betaling i eit slutta selskap. Ein treng ikkje ambulerande skjenkeløyve om ein har eit privat arrangement og gjestene har med seg alkoholhaldig drikk eller ein serverer alkoholhaldig drikk utan betaling.....	5
13.	Salsløyve.....	6
14.	Gardsutsal	6
15.	Nettsal	6
16.	Tilverking	7
17.	Søknadsprosedyre	7
18.	Sakshandsaming.....	8
19.	Internkontroll.....	9
20.	Gebyr og omsetningsavgift.....	10
21.	Kontroll og sanksjonar.....	11

1. Innleiing

Alkoholpolitisk handlingsplan 2024 - 2027 for Valle kommune er ein sjølvstendig plan med eiga målsetjing og tiltak. Planen gjeld for 4 år, frå 2024 til 2027. Alkohollova tilrår at planen vert vedteken av kvart nytt kommunestyre.

Den overordna målsetjinga for rusmiddelpolitikken er å førebyggje og redusere dei negative konsekvensane ved bruk av alkohol og andre rusmiddel for den enkelte og omgjevnadene. Dette vil og gjelde for den alkoholpolitiske handlingsplanen.

Det er fleire omsyn som må takast i den lokale alkoholpolitikken. Om folkehelsefremjande omsyn skal vektleggast aleine, vil ei streng regulering av tilgang på alkohol vere formålstenleg. I det alkoholpolitiske arbeidet vil også andre faktorar spele inn. Alkohol er ei lovleg omsett vare som også kan ha positive effektar for den enkelte brukar og for utviklinga av nærings- og samfunnsliv. Ei regulering som vil gje betre tilhøve for dei som har eit vanskeleg forhold til alkohol og andre rusmiddel, vil avgrense den personlege fridomen til det store fleirtalet av alkoholbrukarar som ikkje opplever at alkohol har negative konsekvensar for eiga helse og eigen livskvalitet. Kommunen sin alkoholpolitikk vil vere eit uttrykk for dei ansvarlege si vektlegging av desse ulike omsyna.

Alkoholpolitisk handlingsplan skal også gi rammer for målsetning og handsaming av saker etter alkohollova og gje politikarar, innbyggjarar og gi næringslivet oversyn over kva som vert lagt til grunn ved handsaming og vedtak i slike saker. Kommunen skal forvalte tildeling og oppfølging av sal- og skjenkeløyve på forsvarleg måte.

2. Aktuelt lovverk

- [Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.](#)
- [Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.](#)
- [Alkoholloven med kommentarer \(rundskriv\)](#)
- [Alkoholforskriften med kommentarer \(rundskriv\)](#)

3. Formål, overordna mål og tiltak

3.1 Alkoholloven sitt formål § 1-1

“Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader

som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.”

3.2 Kommunen sine overordna alkoholpolitiske mål

- Gode og trygge oppvekstvilkår
- Forutsette gode rammevilkår for næringslivet
- Inkluderande sosiale møteplassar og eit rikt kulturliv

3.3 Tiltak

- 1.3.1. Kommunen skal ha spesielt fokus på ansvarleg drift og servering samt fokus på å vurdere skjenkesøknader i eit sosialt og helsemessig perspektiv.
- 3.3.2. Sakshandsaminga skal vere del av effektive tiltak for å nå målsetjinga i formålsparagrafen og hovudmåla for kommunen.
- 3.3.3. Målstyrt kontrollverksemd
- 3.3.4. Målretta rettleiing og informasjon til sals- og skjenkenæringa
 - Kommunen kan kalle inn alle løyvehavarar til informasjonsmøte med gjennomgang av gjeldande lovverk og retningsliner når det er relevant. Politi og kontrollorgan kan og bli kalla inn til dette.

4. Definisjonar

- Skjenking: Sal av alkoholholdig drikk for konsum på staden.
- Sal: Utlevering av alkoholholdig drikk for konsum ein anna stad.
- Skjenkestad: Verksemd som har løyve til skjenking av alkohol.
- Salsstad: Verksemd som har løyve til sal av alkohol.
- Ambulerande skjenkeløyve: Eingongsløyve knytt til skjenking av alkohol til eit bestemt høve/arrangement i eit slutta selskap (inviterte gjester/lukka arrangement). § 4-5
- Skjenkeløyve for einskilde arrangement: Eingongsløyve knytt til eit bestemt høve/arrangement der ålmenta har tilgang til skjenkestaden (ope arrangement) § 1-6
- Kunnskapsprøve om alkoholloven: Kunnskapsprøven er obligatorisk for styrar og stedfortredar ved tildeling av fast skjenkeløyve. Prøva må vere avlagt og bestått før søknad om skjenke- eller salsløyve vert handsama.
- Grupper alkoholhaldig drikk:
Alkoholfri drikk: drikk som inneheld under 0,7 volumprosent alkohol.
- Alkoholsvak drikk: drikk som inneheld frå og med 0,7 til og med 2,5 volumprosent alkohol.
- Alkoholhaldig drikk gruppe 1: drikk som inneheld over 2,5 og høgast 4,7 volumprosent alkohol.

- Alkoholhaldig drikk gruppe 2: drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.
- Alkoholhaldig drikk gruppe 3: drikk som inneheld frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol.

5. Tal på sals- og skjenkeløyve

Det vert ikkje sett ei øvre grense på tal på sals- og skjenkeløyve.

6. Løyvingsperiode

Løyvingsperioden for sals- og alminneleg skjenkeløyve vert gjeve for inntil 4 år om gonga. Løyvet opphøyrar 30. september året etter at nytt kommunestyre er konstituert, [jamfør alkoholloven §1-6](#).

7. Sals – og skjenketider

7.1 Sal

Sal og utlevering av drikk med høgst 4.7 % alkohol: Kl. 08.00 - kl. 20:00 på kvardagar. Laurdagar og dagar før heilagdagar må salet stengjast kl. 18:00, med unntak av dagen før Kristi himmelfartsdag. Det er ikkje høve til sal av alkoholhaldig drikk som nemnt ovanfor på sun- og heilagdagar, 1. og 17. mai.

7.2 Skjenking

Gruppe 1 og 2: Kvardagar, sun- og heilagdagar og offentlege høgtidsdagar kl. 08:00- 02:00.

Gruppe 3: Kvardagar, sun- og heilagdagar og offentlege høgtidsdagar kl.13.00- 02:00.

Konsum av skjenka alkohol må opphøyra seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt.

SKJENKING

8. Følgjande verksemdstyper kan tildelast alminneleg skjenkeløyve

8.1 Overnattingsstadar, hotell, restaurantar, nattklubbar, barar, pubar

- Det kan gjevast løyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3
- Det kan skjenkast alkoholholdig drikk i gruppe 1 og 2 til overnattingsgjester utan tidsavgrensing, jamført [alkoholloven § 4-4 7.ledd](#).

8.2 Kafear

- Det kan gjevast løyve for alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2.

9. Utandørs skjenkeareal for alminnelege skjenkeløyve

1. Det kan gjevast løyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3.
2. Utandørs skjenkeareal skal ha ein klar fysisk avgrensing som gjerde eller tilsvarande
3. Dersom ikkje løyvehavar sjølv eig utandørs omsøkt skjenkeareal, må det føreliggje skriftleg godkjenning frå grunneigar.

10. Utvida skjenkeløyve

Det kan søkjast om utviding av areal, skjenketid og skjenkegrupper for enkelthøve til det alminnelege skjenkeløyvet.

11. Skjenkeløyve for einskildarrangement

1. Skjenkeløyve for eit einskild arrangement (opne arrangement) må knyte seg til ei bestemt hending, og det må tildelast særskilt løyve for kvart enkelt arrangement.
2. Det kan gjevast løyve for alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2.
3. Det er krav til at styrar for skjenkeløyve til arrangementet har uklanderleg vandel og kjennskap til skjenkereglane i alkoholloven og tilhøyrande forskrifter.
4. Dersom skjenkestyrar ikkje har dokumentert kunnskapsprøve i alkoholloven, vil ikkje arrangøren kunne kjøpe inn alkohol engros. Arrangør vil då måtte kjøpe alkohol i butikk eller anna utsal.
5. Ved arrangement der det er oppsett aktivitetar for barn/unge, vil det ikkje bli gjeve løyve før programmet for desse aktivitetane er avslutta. Det vil heller ikkje bli gitt løyve før offisielt oppstart av program.
6. Søknadar om enkeltløyve skal vere innkomne til kommunen minst 3 veker før arrangementet finn stad.
7. Frist for søknadar som gjeld arrangement i juli og august: Innan 1. juni

12. Ambulerande skjenkeløyve

Ambulerande skjenkeløyve må søkjast dersom ein ynskjer å servere alkoholholdig drikk mot betaling i eit slutta selskap. Ein treng ikkje ambulerande skjenkeløyve om ein har eit privat arrangement og gjestene har med seg alkoholholdig drikk eller ein serverer alkoholholdig drikk utan betaling.

Søknadar om ambulerande løyve skal vere innkomne til kommunen minst 2 veker før arrangementet skal finne stad.

Ambulerande skjenkeløyve til lukka selskap vert tildelt privatpersonar. Det kan gjevast løyve for gruppe 1, 2 og 3. Styrer for ambulerande skjenkeløyve skal vere minimum 20 år og erklære seg kjent med gjeldande regelverk.

SAL

13. Salsløyve

13.1 Verksemder som kvalifiserer for salsløyve

Salsløyve for alkoholholdig drikk med høgast 4,7 volumprosent alkohol kan gjevast til daglegvarebutikkar og liknande, der hovudvekta av varesortimentet er matvarer. Ein daglegvarebutikk med biinntekt frå sal av drivstoff reknast som daglegvarebutikk, og kan få løyve for sal av alkoholholdig drikk.

13.2. Verksemder som ikkje kvalifiserer for salsløyve

- Bensinstasjon som og sel daglegvarer kan ikkje få salsløyve. Det kan heller ikkje kioskar eller gatekjøkken med meir.
- Det vert ikkje gjeve løyve til ubetjente butikkar utan at der er ein tilsett fysisk tilstades, jamfør rundskriv 19/41821-4/Helsedirektoratet samt uttale frå Securitas datert 19.2.2024. I prinsippet vil dette bety at der ikkje blir gjeve løyve til ubetjente butikkar.

14. Gardsutsal

Søknader om ølutsal eller gardsutsal av alkoholholdig drikk vert handsama særskild som sak av prinsipiell art av Kommunestyret, eller det politiske organet som er delegert myndigheita.

15. Nettsal

Det kan gjevast løyve til sal av alkoholholdig drikk på nett. Det må gå fram av løyvesøknaden om varene skal utleverast frå eit bestemt lokale eller om det skal skje ved utkøyring.

Søknad om løyve må skje til kommunen der verksemda er lokalisert/lokalet ligg. I tillegg må det søkjast om kommunalt løyve i alle kommunar der det skal utleverast alkoholholdig drikk.

Utlevering av alkoholholdig drikk må:

1. skje innanfor gjeldande salstider i kommunen
2. bare skje til personar som er 18 år eller eldre

3. ikkje skje til personar som tydeleg er påverka av rusmiddel

16. Tilverking

Tilverking av alkoholhaldig drikk vil seie all produksjon av drikk som inneheld meir en 2,5 volumprosent alkohol. Det må søkjast om statleg tilverkingsløyve dersom det er aktuelt med vidareasal av alkohol som vert produsert for restaurantar, butikkar, vinmonopol eller liknande.

Det kan søkjast om:

1. Kommunalt salsløyve med rett til tilverking for sal i eiga verksemd, jf. alkoholloven § 3-1.
2. Kommunalt skjenkeløyve med rett til tilverking for skjenking i eiga verksemd, jf. alkoholloven § 4-2.

Det er eit vilkår at tilverkinga er ein del av serveringsstaden sitt samla tilbod og karakter og fremmer lokale tradisjonar, turisme og næringsutvikling generelt. Ein kan ikkje gje slikt løyve for alkohol over 22 volumprosent. Alkoholpolitisk plan for sal og/eller skjenkeløyve gjeld.

Løyvehavar må kontakte tollvesenet og mattilsynet for registrering, før tilverking vert starta opp. Slik dokumentasjon skal leggjast fram for kommunen.

17. Søknadsprosedyre

1. Den som ynskjer å søke om sals- eller skjenkeløyve for alkohol må søke elektronisk på søknadsskjema som ein finn på kommunen si heimeside.
 - a. Handsamingstid for alminneleg skjenkeløyve er inntil 4 månader (jamfør [alkoholloven § 1-11](#))
 - b. Ved søknad om nytt/fornyng av alminneleg salsløyve/skjenkeløyve vil søknaden bli gjennomgått og kontrollert for korrekt utfylling og at alle naudsynte dokument er vedlagt søknaden
2. Teikning/målsett skisse av salsarealet/skjenkearealet og konseptskildring.
3. Det må søkjast særskilt om uteservering for skjenkeløyve
 - a. Dersom søkjar ikkje er eigar av uteareal skal godkjenning frå grunneigar leggjast ved.
4. Dokumentasjon på bestått kunnskapsprøve i alkoholloven for styrar og stedfortredar.
 - a. Unntak til krav om stedfortredar eller kunnskapsprøve, gjeld § 1-6 og § 4-5 i alkoholloven.

- b. Unntak for kunnskapsprøve betyr at søkjar for einskildarrangement då ikkje har lov til å kjøpe alkohol engros, men må gjere dette i butikk/vinmonopol
5. Skatteattest for involverte partar (eigarar, styremedlemer, dagleg leiar med meir)
6. Firmaattest – ikkje eldre enn 2 månader
7. Kopi av registrering hjå Mattilsynet skal vedleggjast søknaden
8. Dokumentasjon på bestått etablererprøve for dagleg leiar ved serveringsstad
9. Dokumentasjon på styrar og stedfortredar si tilknytning til staden, til dømes uttrekk frå AA-registeret, Brønnøysundregisteret, aksjebok eller liknande.

18. Sakshandsaming

1. Søknaden blir handsama administrativt eller politisk i høve delegering.
 - I samband med handsaming av sals- og/eller skjenkeløyve blir det innhenta uttale frå sosialtenesta og politi jamfør alkoholloven § 1-7 andre ledd.
 - Søknaden blir også sendt til Brannvesenet for uttale jamfør Helsedirektoratet si uttale (§ 4.3.1) i høve alkoholloven § 4.3.
 - Det vil og bli vurdert om søknaden skal sendast til skatte- og avgiftsmyndigheitene for uttale jamfør alkoholloven § 1-7 andre ledd.
 - Skjenkeløyvet kan ikkje utøvast før serveringsløyve føreligg.
2. Søkjar skal oppfylle krava i [alkoholloven § 1-7 c](#) som mellom anna gjeld alder, vandel og krav om bestått kunnskapsprøve i alkoholloven.
3. Sals- eller skjenkeløyve skal, etter ei vurdering, kunne nektast på grunnlag av negativ uttale om søkjar sin vandel når forholdet knyter seg til alkoholloven eller til anna lovgjeving som har samband med alkoholloven sitt føremål, eller frå skatte- og avgiftsmyndigheita om vandel i høve til denne lovgjevinga.
4. Ved tildeling og fornying av løyve skal det leggjast vekt på om søkjar kan sjåast på som eigna til å ha sals- eller skjenkeløyve. Det skal også takast omsyn til tidlegare dårleg erfaring med søkaren si utøving av løyvet.
5. Ved tildeling av løyve skal følgjande tilhøve vektleggjast: skjenkestaden sin karakter, driftskonsept, lokalisering, samt om lokala er eigna. Det skal òg takast omsyn til sal- og skjenkestaden si plassering i høve til dømesvis skular, barnehagar og liknande.

6. Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til arrangement der målgruppa er barn eller unge. Det skal heller ikkje skjenkast i lokalar til skule og barnehage, eller i lokale/område der barn og unge oppheld seg.
7. Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve på idrettsarena der idrettsarrangement samstundes finn stad.
 - Etter ei konkret vurdering kan det gjevast løyve i tilknytning til idrettsarrangement der skjenkelokalet ikkje er ein del av idrettsarena.
 - I slike tilfelle vil der vere krav om dørvakt, og 18- års aldersgrense.
8. Det vert ikkje gjeve løyve for alkoholgruppe 3 ved opne arrangement med aldersgrense 18 år/enkelthøve med aldersgrense 18 år i desse høva:
 - Der løyvehavar med alminneleg skjenkeløyve, og der løyvehavar har løyve for alkoholgruppe 3, søker om utvida areal utandørs/telt med meir. I slike tilfelle kan ikkje løyvehavar servere alkoholgruppe 3 på området med alminneleg skjenkeløyve eller på det utvida arealet.
 - Søklar utan alminneleg skjenkeløyve frå før.
9. Innehavar av skjenkeløyve pliktar å melde frå til kommunen ved ulike typar av arrangement/tilstelningar jamfør alkoholloven § 4-3 og uttale frå Helsedirektoratet § 4.3.1. Løyvehavar pliktar å melde frå til kommunen når arrangementet er fastsett, men seinast 10 dagar før arrangementet. Melding sendast elektronisk til kommunen sitt postmottak.

Døme på tilstelningar/arrangement:

 - Arrangement med levande musikk
 - Store arrangement som jolebord og liknande
 - Lukka arrangement/påmeldingsarrangement der skjenkelokalet er stengt for andre
10. Det skal setjast følgjande vilkår for utøving av løyve:
Skjenke-/salslokalet er godkjent til formålet av plan- og bygningsmyndigheitene.
11. Det kan og setjast andre vilkår i løyvet der dette er relevant.

19. Internkontroll

Innehavar av sals- og skjenkeløyve har plikt til å ha eit internkontrollsystem, jamfør [forskrift til alkoholloven kapittel 8](#).

Alle sals- og skjenkestader skal ha eit internkontrollsystem, tilpassa verksemda sin storleik m.m. jamfør [retteleiar frå Sosial- og helsedirektoratet](#). Uansett storleik på

verksemda skal desse dokumenta vere tilgjengelege for tilsette og kontrollorgan, på papir eller elektronisk:

For tilsette:

- Alkoholoven
- Alkoholforskriften
- Kommunen sitt løyvevedtak
- Internkontrollsystem

For kontrollorgan:

- Skriftleg dokumentasjon på internkontrollsystem skal leggjast fram på førespurnad.
- Skriftleg dokumentasjon på at alle tilsette har årleg gjennomgang av internkontrollen skal leggjast fram på førespurnad.

Internkontroll/unntak frå krav om internkontroll ved ulike arrangement og selskap:

Krav om internkontroll:

- Ved store eller uoversiktlege arrangement som festivalar og liknande.

Unntak for krav om internkontroll:

- I enkelthøve når det vil virke urimeleg, mellom anna ut frå storleiken på arrangementet. Dette vil bli ei vurdering i sakshandsaminga frå sak til sak.

Ikkje krav om internkontroll:

- Ambulerande skjenkeløyve (lukka selskap)

Kommunen vil ved behov gje råd og rettleiing til løyvehavar i arbeidet med å utforme internkontrollsystem.

20. Gebyr og omsetningsavgift

Skjenking:

Gebyret for alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 skal fastsetjast etter forventa omsett mengde alkohol. Gebyrsatsen er fastsett i [forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. § 6-2, 2. ledd](#). Gebyret skal betalast årleg. Gebyr for skjenkeløyve for eit bestemt høve finn ein i kommunen sitt gebyrregulativ.

Sal:

For løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1, skal det betalast eit gebyr som vert fastsett i forhold til forventa omsett mengde alkoholholdig drikk. Gebyrsatsen er fastsett i [forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. §6.2, 1 ledd](#). Gebyret skal betalast årleg.

Oppgåve som syner mengde på omsett alkohol for føregåande år skal vere kommunen i hende seinast 1. april året etter, [jamfør alkoholforskriften § 6-3](#). Løyvehavar vil få ein faktura med avrekning frå forskjellen mellom forventa og registrert omsetning året før og forventa omsetnad for påbyrja år.

21. Kontroll og sanksjonar

Generelt er løyvehavar ansvarleg for at skjenking og sal av alkoholhaldig drikk går føre seg på ein slik måte at skadeverknadane vert avgrensa og alkoholpolitiske og sosiale omsyn vert ivaretekne på best mogleg måte, [jamfør alkoholloven sitt formål § 1-1](#).

Kommunen har ansvar for kontroll med utøving av kommunalt løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk, kommunalt løyve til sal av alkoholhaldig drikk gitt til andre enn Vinmonopolet og statleg løyve etter [alkoholloven § 5-3](#) første ledd, herunder for kontroll med føring av internkontroll etter [kapittel 8](#) i forskriften her.

Sals- og skjenkestadane skal kontrollerast så ofte som behovet tilseier. Kvar stad skal kontrollerast minst ei gong årleg. Kommunen skal årleg utføre minst tre gonger så mange kontrollar som dei har sals- og skjenkestader.

Kontrollane skal fordelast ut frå risikoforhold ved den enkelte sals- og skjenkestaden. Stadar der det er fare for avvik skal ha fleire kontrollar enn stadar der risikoen for brot er liten.

Kontrollen skal omfatte heile alkoholloven, tilhøyrande forskrifter og eventuelle vilkår i løyvevedtaket.

Kontrollen skal særleg omfatte sals- og skjenketidene, aldersgrenser, og at det ikkje vert seld eller skjenka til personar som er openbart påverka av rusmidlar jf. [alkoholforskriften § 9-4 \(lovdata.no\)](#).

Ved brot på alkoholloven, tilhøyrande forskrift og kommunen sin alkoholpolitiske handlingsplan vil det bli gitt prikkar etter eit felles nasjonalt prikktildelingssystem [jamfør alkoholforskriften kapittel 10 - § 10-3](#).

Jamfør prikktildelingssystemet kan sals- og skjenkeløyve bli inndregen for ein periode ved brot på alkoholloven, forskrift og/eller alkoholpolitisk handlingsplan.

Der det føreligg grunnlag for tildeling av prikkar, skal kommunen sende ut førehandsvarsel om tildeling [jamfør forvaltningsloven § 16](#).